



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Arild Spissøy, 5557 2198

Vår dato
23.02.2018
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2018/2846 520
Dykkar referanse
«REF»

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Forventnings- og tildelingsbrev til kommunane i Hordaland på landbruksområdet 2018

1. Innleiing

Årets tildelings- og forventningsbrev inneheld informasjon om kva Fylkesmannen meiner kommunane i Hordaland må vere spesielt merksame på i forvaltninga av landbruksnæringa i 2018. Forvaltninga på landbruksområdet er for ein stor del underlagt reglar om delegert forvaltning, og skil seg difor frå mykje av den andre forvaltninga av økonomiske virkemidlar i kommunane.

Føresegner om korleis forvaltninga i kommunane skal gå føre seg kjem til uttrykk i lover, forskrifter, rundskriv og gjeldande jordbruksavtale. Det er særleg i rundskriva ein finn konkrete svar på korleis forvaltninga skal skje.

Dette forventningsbrevet er meint å vere ei samling av det som Fylkesmannen ser på som viktige utfordringar og presiseringar i høve til den kommunale forvaltninga av landbruksmidlane for 2018. Brevet vert sendt til alle kommunar i Hordaland. Brevet byggjer på Fylkesmannen sitt embetsoppdrag og på jordbruksavtalen 2017 – 2018.

Vi gjer merksam på at brevet ikkje er ei uttømmende liste over kva kommunane skal gjere på landbruksområdet i inneverande år.

2. Forvaltning av inntekts- og velferdspolitiske tiltak.

Elektroniske søknader – (produksjons- og miljøtilskot, erstatningsordningar)

Elektroniske søknader fører til raskare og sikrere sakshandsaming. Kommunane skal bidra til å auke tal elektroniske søknader via Altinn. Skulle kommunane likevel få inn papirsøknader, må desse registrerast i sakshandsamingssystemet for dei enkelte ordningane.

Tilgang til fagsystema i Landbruksdirektoratet

Fagsystema vert brukt til sakshandsaming i Landbruksdirektoratet. Tryggleiken til desse systema er viktig. Berre personar med behov for tilgang, skal ha tilgang. Både oppretting av nye brukarar og endring av tilgang, eksempelvis til å omfatte fleire system, skal skje skriftleg (epost). Vi ber kommunane melde frå om brukartilgangar som kan slettast.

Produksjonstilskot og avløyasing til ferie og fritid

Nytt rundskriv: Landbruksdirektoratet 28/2017.

I 2017 vart eStil PT lansert som nytt søknadssystem og ny måte for kommunane å handsama søknader om produksjonstilskot. Overgangsåret 2017 førte med seg mykje frustrasjon og noko glede, vi hos Fylkesmannen håpar 2018 skal bli eit enklare år med dette systemet.

Fylkesmannen håpar de vil vera merksame på følgjande grunnvilkår:

Produksjonstilskot er tilskot til føretak som driv agronomisk god landbruksproduksjon der drifta har preg av å vere ei næring.

Fylkesmannen ber i tillegg kommunane vere merksame på følgjande:

Søknadsfristar

Teljedatoane i 2018 er 1. mars og 1. oktober, med frist 15. mars og 15. oktober. Dei føretaka som leverer i dette tidsrommet kan i tillegg endra i søknaden sin inntil 14 dagar etterpå, til 29. Dei som ikkje har søkt om tilskot innan 15. mars eller 15. oktober får ikkje sendt søknad, og har dessverre ikkje rett til tilskot, sjølv om dei elles oppfyller vilkår for å motta tilskot. Føretak som ikkje får søkt innan fristen, kan søkja om dispensasjon frå søknadsfristen, men vi påpeikar at det ikkje er lettare å få dispensasjon med absolutte fristar enn i det tidlegare systemet.

Risikobasert kontroll

Kommunen skal plukka ut søknader til kontroll på bakgrunn av ei risikovurdering. Risiko er kombinasjonen av konsekvens og sannsynlegheit. Risiko = sannsynlegheit X konsekvens. Den risikobaserte kontrollen kan skje både ved bruk av stadleg kontroll og/ eller dokumentkontroll. Føremålet med kontrollen er å verifisere opplysningane som er gjeve i søknader der det er risiko for feil. Kommunen skal gjennomføra kontroll av minst 10 % av føretaka som har søkt tilskot per søknadsår. For felles landbrukskontor skal den totale søknadsmassen risikovurderast samla. Det bør utførast kontrollar etter begge søknadsinnleveringar, men det er ikkje eit absolutt krav så lenge 10 % vert kontrollert i løpet av året. Sakshandsamarar kan velje å kontrollere heile eller delar av søknaden. Eit føretak vil telje som kontrollert ein gong uavhengig av om kontrollen gjeld for del 1, del 2 eller begge. Ved dokumentkontroll er det ikkje naudsynt å nytta kontrollskjemaet til søknaden.

Avkorting for brot på anna regelverk, t.d. brot på regelverk knytt til dyrevelferd, ureining osv.

Tre vilkår må vera oppfylt før forvaltninga har heimel til å fatta vedtak om avkorting:

- Føretaket må driva eller ha drive verksemda si «i strid med anna regelverk for jordbruksverksemd» (jfr forskrifta § 11)
- Det må vera konstatert regelverksbrot
- Føretaket må ha handla «aktlaust eller forsettleg»

Avkorting skal vurderast i alle føretak der anna regelverk er brote.

Avkorting ved brot på reglar for gjødslingsplan eller plantevernjournal

Der søkjar ikkje har gjødslingsplan (eller fritak frå denne) eller plantevernjournal, skal det avkortast i tilskotet. Her er norma at det skal avkortast med 20 % for kvar av delane som ikkje er på plass. Manglar føretaket begge deler, skal det avkortast 40 % i areal- og kulturlandskapstilskotet. Der føretaket har kryssa for at det har gjødslingsplan og/eller

plantevernjournal, og det ved kontroll vert oppdaga at dette er mangelfullt/manglande, skal sakshandsamar vurdere om det skal avkortast etter § 12 for feilopplysningar (i tillegg).

Avkorting ved feilopplysningar, § 12

Regelen regulerer avkorting i tilskot ved feilopplysningar. Avkorting er ein reduksjon i tilskot føretaket i utgangspunktet oppfylte vilkåra for å motta. Regelen er forma som ein «kan-regel», men utgangspunktet er at det skal avkortast dersom søkjar minst har vore aktlaus ved inngjeving av feilopplysningar, og dette har gjeve eller kunne gjeve meirutbetaling.

Forvaltninga pliktar å vurdere avkorting i alle tilfelle.

- Føretaket må ha gjeve feilopplysning som «har eller ville danna grunnlag for urettmessig utbetaling av tilskot for seg sjølv eller andre»
- Føretaket må ha handla «aktlaust eller forsettleg»

Avløysartilskot

Alle føretaka kan søkja om tilskot til avløysing ved ferie og fritid. Kostnader til avløysing gjennom avløysarlaget, avløysar der føretaket har arbeidsgjevaransvar, eller der andre føretak har utført arbeid for bonde, kan gje grunnlag for utbetaling. Det er viktig at føretaket kan dokumentera utgiftene dei har hatt til avløysing. Avløysarutgifter vert ikkje kontrollert maskinelt, så ein er avhengig av kontroll for å avdekka eventuelle feil. Det er òg naudsynt å hugsa på at dersom kommunen finn at eit føretak ikkje driv «vanleg jordbruksproduksjon» til husdyr, har det heller ikkje rett til avløysartilskot, sjølv om føretaket har brukt avløysar.

Bevaringsverdige husdyrrasar

Føretaka kan motta tilskot til bevaringsverdige husdyrrasar, så lenge rasen er nemnt i gjeldande jordbruksavtale. Det finst ulike kriterie som må oppfyllest for alle dei bevaringsverdige husdyrrasane, for å ha rett til tilskot. Dette er informert nærare om i rundskriva frå Landbruksdirektoratet. Kontroll av bevaringsverdige husdyrrasar (unnateke dyr som er med i Kukontrollen) må gjerast manuelt, då verken Sauekontrollen, Ammegeitkontrollen eller Husdyrregisteret «snakkar» med eStil PT.

Direktesal av frukt, bær og veksthusgrønsaker

Frå søknadsåret 2018 kan ein inkludere direktesal av frukt, bær og veksthusgrønsaker i tilskotsgrunnlag for distriktstilskot for frukt, bær og veksthusgrønsaker. Det er aktuelt for kommunen å vurdere risikoen ved denne nye ordninga i samband med kontroll av produksjonstilskot.

Tidlegpensjon for jordbrukarar

Jordbrukarar som har fylt 62 år, og som har drive jordbruk i minst 15 år, kan få tidlegpensjon. Det vert stilt krav til inntekt i ein referanseperiode på fem år, sjå Landbruksdirektoratet sine heimesider for detaljer. Det er ein føresetnad at landbrukseigedommen er overdrege til ny eigar eller at forpaktingsavtalen er oppsagt. Ny eigar kan ikkje vere ektefelle/sambuar. Det er også mogleg å ta ut tobrukarpensjon, då må ektefelle/sambuar ha fylt 57 år før utbetaling kan starte. Ektefelle/sambuar må ha budd og arbeidd på landbrukseigedommen dei siste fem åra. Sjøå forskrift av 1.1.1999, rundskriv 2015-42 og rundskriv 2016-38.

Sjukdomsavløyising

Tilskot til avløyising ved sjukdom og fødsel mv, skal bidra til å finansiere avløyising i føretak som driv husdyrproduksjon eller heilårsproduksjon i veksthus. For føretak som driv plante- eller honningproduksjon kan ein bidra til finansiering av avløyising i onnetida. *Sjå rundskriv 2018-3.*

Erstatning avlingstap

Dersom føretak søker erstatning for klimabetinga avlingssvikt, skal kommunen gje uttale til søknaden og kontrollere opplysningar og dokumentasjon før attestering/oversending til Fylkesmannen. Sakshandsaming skjer i det elektroniske sakshandsamingssystemet ELF. Sjå utfyllande informasjon i forskrifter og rundskriv.

Nokre moment å vere ekstra merksame på:

- Kommunen skal utføre stadleg kontroll på minimum 10 % av alle føretak som melder skade og/eller leverer søknad. Kontrollen bør i mange tilfelle skje om sommaren.
- Ved erstatning i grovfôrproduksjon med husdyr må kommunen måle opp grovfôrlager så raskt som mogleg etter at alt grovfôret er hausta.

Kommunal veterinærtjeneste.

Kommunen skal sørge for tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell, og kommunen har ansvaret for å organisere ei klinisk veterinæravtalt i sitt område.

For at kommunane skal vere i stand til å organisere desse oppgåvene, ytes det ulike tilskot:

- Vakt- og administrasjonstilskot vert fordelt av Landbruksdirektoratet, men utbetalt av Fylkesmannen. Vakttilskotet gjeld for veterinære tenester utanfor ordinær arbeidstid.
- Stimuleringstilskot vert fordelt av Fylkesmannen til ein kommune eller til eit samarbeid med fleire kommunar. Tilskotet skal bidra til å sikre tilfredsstillande tilgang på veterinære tenester i næringssvake områder.

3. Krav til kontrolltiltak

Kontroll er ein viktig del av kommunen sitt arbeid på landbruksområdet. Kommunane har ansvar for å kontrollere dei verkemidla dei har fått delegert forvaltningsansvar for. I tillegg har kommunane fått i oppgåve å ta imot og kontrollere søknader for nokre verkemiddel kor fylkesmannen har mynde til å fatte vedtak. Kontrollarbeidet hos kommunen er styrt gjennom aktuelle lover, forskrifter og rundskriv.

Minimum 10 prosent av føretaka skal kontrollerast mot produksjonstilskott kvart år. Alle føretak skal vurderast i forhold til ulovleg driftssamarbeid, og i forhold til «vanleg jordbruksproduksjon». Ved indikasjonar om brot på desse grunnvilkåra, skal ein gjere ei vurdering og føreta kontroll.

Dersom ein kontroll avdekkjer brot på eit regelverk, må ein sanksjonera. Moglege sanksjonsmidlar kan vere tilbakehald og avkorting av tilskot. Ein bør og vurderer om eventuelle brot bør meldast til politiet for mistanke om svindel eller bedrageri. Offentlege

midlar skal kunn betalast ut til føretak som oppfyller vilkåra. Det er ulovleg å gi feile opplysningar.

Kommunen skal ha ein plan for kontrollarbeidet. Denne planen skal innehalde ei risikovurdering som grunnlag for dei føretak som vert kontrollert. Ein kan også lage ein plan som strekker seg over fleire år der det vert fokusert på ulike typar føretak, eller ulike typar tilskotsordningar, med det mål at søknadene frå føretaka skal verte korrekte på sikt. Slike årlege aksjonar kan ha god effekt.

Her kan ein lese meir om kommunane sitt kontrollarbeid:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/om-landbruksdirektoratet/kontroll/kommunenes-kontrollarbeid>

4. Skogbruk

Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)

Landbruksdirektoratet har for 2018 tildelt Hordaland ei ramme på 2 millionar kroner til skogkultur. Ramma er tilsvarande som året føre. Midlane skal fordelast til kommunane i 2018. Den kommunevise fordelinga av NMSK-midlane går fram av budsjettfordeling i Økonomisystem for skogordningane (ØKS).

Ikkje alle kommunar har behov for tilskot til skogkultur kvart år, nokre kommunar har difor ikkje fått ei NMSK-tildeling (sjå ØKS). Midlane kan ved behov fordelast om mellom kommunane.

Kriterier for tildeling av NMSK-midlar til skogkultur

Fylkesmannen oppmodar i eige skriv kommunane i starten av kvart år å melde inn forventta skogkulturaktivitet. Følgjande kriterie gjeld for tildeling av NMSK-midlar:

- Utført kontrollarbeid året føre knytt til skogforynging.
- Gjeldande retningsliner for prioritering av NMSK-midlane.
- Melde inn behov for planting (etter hogst, skogreising og suppleringsplanting) og ungsogpleie.

Retningsliner for prioritering av NMSK-midlane

Kommunane må ha gjeldande retningsliner for prioritering av NMSK-midlane, jf. Forskrift om tilskott til nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Om kommunane ikkje har gjeldande retningsliner, vert tildeling av NMSK-midlar halde tilbake. Frist 01.04.2018.

Kontroll av skogforynging

Tilfredsstillande forynging etter hogst er nødvendig for eit langsiktig og berekraftig skogbruk. Skogeigar er gjennom skogbruksloven pålagt å syte for dette.

Landbruksdirektoratet organiserer systematisk oppfølging og kontroll av foryngingsplikta.

Kommunane skal utføre:

- Resultatkontroll, jf. uttrekk i Webskas frå Landbruksdirektoratet.
- Foryngingskontroll, jf. uttrekk i ØKS frå Landbruksdirektoratet.

For 2018 krev Landbruks- og matdepartementet 100 % gjennomført kontrollarbeid i kommunane. Om kommunane ikkje utfører kontrollarbeidet vert det ikkje tildelt NMSK midlar året etter. Frist 31.12.18

Utsiktsrydding

Føremålet med tilskotsordninga er å bidra til at kulturlandskap, vegkantar og utsiktspunkt av særleg karakter, som er prioritert ut frå regionale retningslinjer, vert rydda og vedlikehalde. Virke som vert rydda skal om mogleg nyttast til bioenergi.

Tilskotet vil vere til gode for både landbruket og reiseliv. For 2018 er det i Hordaland totalt ei ramme på 4 millionar kroner. Kommunane tek imot søknadar om aktuelle ryddingsprosjekt og skriv tilråding til Fylkesmannen som er vedtaksmynde. Søknadsfrist i 2018 er 1. mars og 1. september.

Meir info: <https://www.fylkesmannen.no/nn/Hordaland/Tilskot/Tilskot-til-utsiktsrydding/>

5. Næringsutvikling innan jordbruks- og bygdenæringar

Landbruksnæringa skal vere integrert i utviklingsarbeidet i kommunane. I Hordaland er det to fylkesvise planar som omhandlar prioriteringar knytt til landbruksbasert næringsutvikling:

- *Regionalt bygdeutviklingsprogram for Hordaland 2013 - 2017*, frå Fylkesmannen, som mellom anna omfattar Regionalt næringsprogram for Hordaland, og
- *Landbruksmelding for Hordaland 2014-2017*, frå Hordaland fylkeskommune, som særleg tar for seg problemstillingar kring rekruttering til landbruket.

Desse plandokumenta omtaler kommunane si rolle i arbeidet med landbruksbasert næringsutvikling.

Fylkesmannen har 2,9 millionar kroner i utgreiings og tilretteleggingsmidlar (UTM) til fordeling i Hordaland.

Kommunane er dei første til å handsama søknader om bygdeutviklingsmidlar. Ei god sakshandsaming i første line er viktig for vidare saksgang og resultat. Det er viktig at kommunane sørgjer for at landbruket får sin plass i næringsutviklingsarbeidet i kommunen.

6. Produksjon av miljøgodar og reduksjon av forureining

Tiltak for betre vasskvalitet

Fylkesmannen minner om at kommunen har ansvar for å gjennomføre landbrukstiltak etter «Tiltaksprogram for vassregion Hordaland 2016-2021». «Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021» skal bli lagt til grunn for kommunens planar og verksemd. Dette gjeld til dømes ved forvaltning av verkemiddel og oppfølging av regelverk. Vi forventar at kommunane brukar Vann-nett i sakshandsaming. Der data om tilstand i vassførekomstane er usikre, bør kommunen med sin lokalkunnskap bidra for å sikre datakvaliteten.

Kontaktperson: Øyvind Vatshelle

Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

For 2018 har Landbruksdirektoratet gitt Hordaland ei ramme på 5,2 mill. kr til SMIL. Tildelt ramme til kommunane kjem fram i vedlegg. Midla er fordelt med utgangspunkt i tal landbruksforetak i kommunen og vurdering av behov og bruk av midlane i kommunane. Vi har mindre midlar å fordele enn tidlegare år, og ramma til kvar kommune går difor i snitt ned. Dei fleste kommunane har større behov enn vi har moglegheit for å tildele. Kommunar som hadde utgåtte arbeidsfristar ved nyttår har fått redusert tildeling, alt etter beløp i ansvar og kor gamle arbeidsfristane er. Midlar til kommunar med felles landbrukskontor kan nyttast fritt

mellom kommunane. Kommunar utan oppdatert SMIL-strategi for 2018, får ikkje tildelt midlar til SMIL-tilskot.

Frist for sakshandsaming og melding om behov blir i 2018 sett til 31. oktober. Midlar som Fylkesmannen ikkje har fått vite at er brukt, kan etter dette blir trekt tilbake utan varsel. Årsaka er at midla må kome til nytte i andre kommunar med behov, framfor å risikere å bli ståande ubrukte. Erfaring frå 2017 viser at det er behov for ekstra fokus på dette, då meir enn kr 700.000 i SMIL-ramme då blei overført til andre kommunane i løpet av ein hektisk innsjutt. Kommunane må vere merksame på denne tidlege fristen ved planlegging av utlysing, tilbaketrekking, omdisponering og generell sakshandsaming for SMIL.

Følgjande skal vere sendt til Fylkesmannen innan 31. oktober:

- Alle SMIL-vedtak med fullstendig søknad vedlagt, for registrering i fagsystemet.
- Kort rapport for 2018 om korleis SMIL-ordninga fungerer, og omtale av saker som står med utgått arbeidsfrist. Det er ikkje nødvendige å rapportere tal saker eller løyve summer.
- Vurdering av ekstra behov for tilskotsmidlar for inneverande år, gjerne med konkret opplisting av prosjekt.
- Vurdering av behov for tilskotsmidlar neste år, grunngitt med til dømes historisk bruk, tilskotsprosentar, planlagde prosjekt, aktuelle satsingar og anna.

Kommunane skal dra inn tilskot der arbeidsfristen har gått ut. Arbeidsfristar bør generelt bli sett til tidleg på året. Dersom prosjekt ikkje blir gjennomført vil kommunen då ha tid til å trekke inn midla og omdisponere dei sjølv innan fristen 31. oktober. Utgåtte arbeidsfristar ved årsskiftet kan medføre lågare tildelt ramme for neste år. Ubrukte midlar blir trekt inn av Fylkesmannen.

Kommunane skal prioritere tiltak med god miljøeffekt. I jordbruksavtalen for 2017-2018 er det spesielt omtalt at det kan bli gjeve SMIL-tilskot for å hindre spreiding av framande skadelege artar. Vi oppfordrar elles kommunane til å informere om at det er mogleg å få SMIL-tilskot for å hindre erosjon og ureining til vassdrag. Vi minner om at tilskot til gamal kulturmark må bli vurdert ut frå kvalitetane til arealet, og ikkje berre ut frå behov for beite. Etablering av beite på areal som ikkje kan bli klassifisert som gamal kulturmark, er ikkje eit SMIL-tiltak. Tilskot kan berre bli gjeve til tiltak som går utover det ein kan forvente som ein del av den vanlege jordbruksdrifta.

Frå 2017 blei forskrifta endra slik at eigar som leigar ut areal kan søkje SMIL-tilskot når leigetakar driv tilskotsberettiga produksjon på landbrukseigedommen. Vi minner om at det likevel berre er føretak registrert i einingsregisteret som kan søkje om SMIL-tilskot.

Regionalt miljøtilskot og organisert beitebruk

Ramma for regionalt miljøtilskot (RMP) og organisert beitebruk (OBB) vert fastsett av jordbruksavtalen. Søknadsfristar i 2018 er uendra, for RMP er fristen 20. september og for OBB er fristen 15. november. Kommunane skal gjere ordninga kjend for føretaka i kommunen.

Kontroll av miljøtilskot: vi minner om kravet om kontroll av føretaka også gjeld for miljøtilskot.

Regionalt miljøtilskot vil stort sett vere uendra i 2018. Frå 2019 vil Hordaland og Sogn og Fjordane ha felles RMP. Dette programmet, med tilskotsordningar, blir sendt på høyring hausten 2018.

For å unngå feilutbetalingar ber vi om at kommunane er særleg merksame på:

- At føretaka har gjødslingsplan og sprøytejournal; Mangel på desse skal føre til trekk.
- Feil i søknaden; Feilopplysningar som kan føre til for mykje utbetaling, er grunnlag for avkorting.
- Miljøvennleg gjødsling med nedlegging og tilførselsslange: Det er eit krav at føretaka nyttar begge deler for å ha rett på tilskot. Det er og eit krav at gjødslinga skal vere utført innan fastsett frist (10. august) og 'at gjødsellagera skal vere tømt' – dvs. at det ikkje skal gjødslast før neste vekstsesong. Søkjar skal føre logg over spreinga.
- Miljøavtale: Vi ber om at krav om gjødslingsjournal vert spesielt fylgd opp i denne ordninga.
- Tilskot til kystlynghei skal gjevast til areal som er i god hevd. Dvs. at ein må vurdere om skjøtselen er god nok til å vere berettiga tilskot. Tilskot til areal som er brent vinteren 2016/2017, vil i år få høgare sats.
- Tilskot til skjøtsel av artsrik slåttemark og tilskot til beite av biologisk verdifulle areal skal vere registrert i naturbase.no
- Dei omsøkte areala/elementa/tiltaka skal tilfredsstillе krava som er sett for å få tilskot.

Regionalt miljøtilskot skal forvaltast etter:

- Forskrift om miljøtilskot i Hordaland
- Rettleiingsheftet for miljøtilskot i Hordaland 2018
- Landbruksdirektoratet sitt rundskriv om forvaltningsrutinar for regionale miljøtilskot
- Fylkesmannen sitt rundskriv om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket i Hordaland

Tilskot til drenering

For 2018 har Landbruksdirektoratet gjeve Hordaland ei ramme på 3 mill. kr til tilskot til drenering. Tildelt ramme til kommunane kjem fram i vedlegg. Landbruksdirektoratet har i tillegg midlar til bruk i kommunar etter innmeldte behov. I fordelinga har vi lagt vekt på søknadsomfanget til dreneringsordninga i kvar kommune i 2017, areal i kommunane og tiltak med utgåtte arbeidsfristar ved nyttår. Midlar til kommunar med felles landbrukskontor kan nyttast fritt mellom kommunane.

Frist for sakshandsaming og melding om behov blir i 2018 sett til 31. oktober, som for SMIL-tilskot. Midlar som Fylkesmannen ikkje har fått vite at er brukt, kan etter dette blir trekt tilbake utan varsel. Kommunar med behov for meir midlar vil då kunne få ekstra ramme.

Følgjande skal vere sendt til Fylkesmannen innan 31. oktober:

- Alle vedtak om tilskot til drenering med fullstendig søknad vedlagt, for registrering i fagsystemet.
- Omtale av saker som står med utgått arbeidsfrist. Det er ikkje nødvendige å rapportere tal løyvingar eller løyvde summer.
- Kort vurdering av ekstra behov for tilskotsmidlar for inneverande år.
- Kort vurdering av behov for tilskotsmidlar neste år

Kommunane skal dra inn tilskot der arbeidsfristen har gått ut. Vi minner om at lengste arbeidsfrist for dreneringstilskot er 3 år frå løyving. Denne er ikkje mogleg å forlenge, til forskjell frå arbeidsfrist for SMIL-tilskot. Arbeidsfristar bør generelt bli sett til tidleg på året.

Dersom prosjekt ikkje blir gjennomført vil kommunen då ha tid til å trekke inn midla og omdisponere dei sjølv innan fristen 31. oktober. Utgåtte arbeidsfristar ved årsskiftet kan medføre lågare tildelt ramme for neste år. Ubrukte midlar blir trekt inn av Fylkesmannen.

Vi oppmodar kommunane om å motivere til auka dreneringsaktivitet ved å formidle informasjon og rettleiing om tilskotsordninga. Kommunen skal lyse ut tilskot til drenering av jordbruksjord og fastsetje søknadsfrist. Det er utarbeidd eige søknadsskjema som skal nyttast.

Investeringsmidlar til tiltak i beiteområde for organiserte beitelag

Føremålet med tilskotsordninga er å bidra til å legge til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av beitedyr på utmarksbeite og fremje fellestiltak i beiteområda. Typiske tiltak som det vert gjeve tilskot til er sperregjerde, sankehegne, bruer og elektronisk sporingsutstyr.

For 2018 er det ei total ramme på nesten 800 000 kroner. Kommunane tek imot søknadar og skriv tilråding til Fylkesmannen som er vedtaksmynde. Kommunen skal sørgje for at naudsynte vedlegg er lagt ved, spesielt kart over kvar tiltaket er planlagt. Søknadsfrist i 2018 er 15. mars. Meir info: fylkesmannen.no.

Autorisasjon plantevern

Kommunen sine oppgåver:

- Vurdere vilkår for å kunne få autorisasjonsbevis, inkl. yrkesmessig behov.
- Tinge bevis. Oppdatere autorisasjonsdatabasen med kven som skal få bevis.
- Halde eksamen. Kommunen kan i etterkant krevje betaling frå Fylkesmannen for dette.

Vurdering av yrkesmessig behov for dei som er busette i kommunen, uavhengig av stad for eksamen: Kommunen får tilsendt lister med kven som har bestått fysisk eksamen og ønskjer å få autorisasjonsbevis. I nokre tilfelle får kommunen tilsendt liste der eksamenskandidatane har oppgitt kva som er yrkesmessig behov for autorisasjon. Hobbydrift og skjøtsel av kulturlandskap kvalifiserer ikkje til å vere yrkesmessig behov. Kommunen kan ikkje gje autorisasjon til utleigar av jordbruksareal når leigetakaren sjølv gjer plantevernjobben på areala, eller når utleige er til rein hobbydrift.

Tinge bevis for dei som er busette i kommunen og fyller vilkåra: Dette skjer i «autorisasjonsregister plantevernmidler» på internett ved å registrere bevis. Mattilsynet vil på grunnlag av dette sende autorisasjonsbevis i posten til aktuell person. Kommunen får brukartilgang til databasen frå Mattilsynet.

Halde eksamen: Fylkesmannen i Hordaland forventar at kommunane arrangerer eksamen etter kurs som blir halde i kommunen. Kommunen må også organisere eksamen for dei som stryk på felles eksamen, og vil ta prøven på ny. Kommunen må tinge eksamensoppgåver frå Fylkesmannen i god tid før eksamen. Kommunen kan få betalt frå Fylkesmannen for å arrangerer eksamen, og må i så fall sende faktura til Fylkesmannen si fakturaadresse: Fylkesmannen i Hordaland, Fakturamottak DFØ, Postboks 4746, 7468 Trondheim. Godtgjeringa for kommunen er 60,- kroner per person som har teke eksamen. Dette gjeld berre for fysisk eksamen (ikkje på nett), og det gjeld uavhengig av bustadkommunen til brukarane.

7. Klimautfordringane

Både jordbruket og skogbruket har viktige roller i arbeidet mot klimaendringane. Fylkesmannen ber om at utfordringar og tiltak innan landbruket vert teke med, og følgt opp i kommunane sine klimaplanar.

Prosjektilskot frå klima- og miljøprogrammet (KMP)

I 2018 er det sett av kr 350.000 til Hordaland for tilskot til kunnskapsutviklings-, utgreiings- og informasjonstiltak for å nå landbrukspolitikkenes målsettingar innan klima og miljø. Kommunar og andre kan søkje om midlar dersom ein ønskjer å gjennomføre tiltak. Sjå [utlysing på Fylkesmannen si nettside](#).

Måla for klima- og miljøprogrammet er å bidra til:

- At produksjon av mat skal skje med god ressursbruk og minst mogleg ureining, klimagassutslepp og tap av biomangfald.
- Å auke landbruket sitt miljøbidrag, til dømes; kulturlandskap, kulturbetinga biologisk mangfald, binding av karbon og produksjon av biogass.
- Å tilpasse agronomi og dyrkingssystem til eit endra klima, med sikte på å oppretthalde eller auke matproduksjonen og ivareta produksjonsressursane.

8. Økologisk landbruk

Det er eit ønske om meir økologisk produksjon. Det er høgare tilskotsatsar for økologisk produksjon. Kommunane bør vere aktive med å informere om moglegheitene innan økologisk dyrking og produksjon. Fylkesmannen i Hordaland er Føregangsfylke for arbeid med å auka produksjonen av økologisk frukt og bær. Ein kan lese meir om dette på nettsida til Fylkesmannen.

Debio er kontrollorgan for økologisk produksjon, men kommunane må vere oppdaterte på kva økologisk drift er for dei mest relevante produksjonane i kommunen. For føretak som søker økologiske tilskot har kommunen eit ansvar for å kontrollere at dei faktisk har godkjenning i Debio. Ein kan søkje opp produsentane og sjekke kva dei har debio-godkjenning for, i dette registeret: <https://portal.debio.no/ACM/faces/form/portal/tools/partnercertsearch.xhtml>

9. Eigedom

Lovforvaltning

Kommunane skal fatte vedtak etter jord- og konsesjonsloven. Kommunen sitt mynde går fram av forskrift frå LMD 8. desember 2003 og rundskriv M-3/2017.

Vi minner om at det er komen ny føresegn i konsesjonslova, § 9a, som omhandlar prisvurdering med tilhøyrande forskrift. Det er også komen nytt rundskriv knytt til konsesjonslova M-3/2017, samstundes gjeld framleis rundskriv M-3/2002 knytt til prisvurdering – med dei endringane som går fram av rundskriv M-3/2017 under kap. 8.3.2.

Driveplikt

Frå juli 2009 har grunneigarar ei varig plikt til å halde dyrka mark i drift, enten som sjølvstendig drift eller utleige på minimum 10 år med skriftleg avtale. Det er kommunane sitt ansvar å sjå til at driveplikta vert overheldt. Det har her kome eit nytt rundskriv, M-2/2017, som gjeld driveplikta etter jordlova § 8.

Omdisponering og frådelling

Rundskriv M-1/2013 har blitt oppdatert i samband med verkeområdet, jf. jordlova § 2, knytt til føresegna §§ 9 og 12.

Fylkesmannen legg til grunn at kommunane nyttar seg av dei nye og oppdaterte rundskriva i samband med handsaminga av saker etter jordlova og konsesjonslova.

Kontinuerlig ajourhold av AR5

Alle kommunar i Hordaland skal levere AR5-data til kontinuerleg vedlikehald minst 1 gang per år, gjerne oftare. Kommunane som ajourfører direkte i Sentral FKB-database skal gjere dette fortløpande, i samsvar med lokale behov og rutinar. Dette i høve til FDV-avtalane.

Søknad om arealtilskot vil i nye system basere seg på AR5. Derfor er det viktigare enn nokon gong at kommunane etablerer gode rutinar for å sikre leveransar av AR5, også på landbruksareal. Oppdaterte arealressurskart vil være avgjerande for kvaliteten av arealtal i landbruksregisteret.

10. Kompetansebehov

Fylkesmannen ønskjer å arrangera kurs og samlingar som er i samsvar med behova i kommunane. Vi ber kommunane melder inn ynskje i forhold til tema for slike kurs / samlingar.

11. Rapportering og fristar:

Nokre fristar er gitt i kapitel om dei enkelte ordninga.

Ordning / aktivitet	Frist	Merknad
Teljedato husdyr vår	1. mars	Frist for bonden er 15. mars, frist for endring av innsendt søknad er 29. mars. Kommunen bør ha risikobasert kontroll i tida etter mars.
Teljedato husdyr haust	1. oktober	Frist for bonden er 15. oktober, frist for endring av innsendt søknad er 29. oktober. Kommunen bør ha risikobasert kontroll i tida etter oktober.
Etterregistrering av opplysningar i søknad om produksjonstilskot (for bonden)	10. januar 2019	
Frist for kommunen å setja søknad til førebels godkjent/ avvist/ avslått	23. desember 2018	for søknader som skal vera med i hovudutbetalinga
Utbetaling av tilskot	Veke 8 (februar) 2019	
KMP	1. april	prosjekttilskot frå klima- og miljøprogrammet

SMIL	31. oktober	Frist for sakshandsaming, melding av ekstrabehov 2018 og behov 2019
Tilskot drenering	31. oktober	Frist for sakshandsaming, melding av ekstrabehov 2018 og behov 2019
RMP	20. september	
OBB	15. november	
Resultatkontroll		jf. uttrekk frå Landbruksdirektoratet
Foryngingskontroll	31. desember	jf. uttrekk frå Landbruksdirektoratet
Utgreiings og tilretteleggingsmidlar (UTM)	15. april og 15. oktober	
Få på plass oppdaterte retningsliner for prioritering av NMSK-midlane	1. april	Om kommunen ikkje har gjeldande retningsliner, vert tildeling av NMSK-midlar halde tilbake.
Utsiktsrydding	1. mars og 1. september.	
Investeringsmidlar til tiltak i beiteområde for organiserte beitelag	15. mars	
Innmelding av kandidatar til kulturlandskapsprisen 2018	30. april	

12. Anna:

Ei stor hending i 2018 er at Bergen er vertskap for World Cheese Awards. Dette er ei stor hending som blir lagt merke til. Produksjonen av gode handtverksostar har auka kraftig i Noreg og Hordaland dei siste åra. Denne prisutdelinga vil skape meir blest om lokalt produserte matvarer generelt og spesielt ost. Spre informasjonen, og hei fram din lokale favoritt!

Med helsing

Lars Sponheim
fylkesmann

Åse Vaag
landbruksdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:
Fordeling av SMIL-midlar og dreneringstilskot

